

SFO 2025- 2026.



Velkomen til nytt SFO år, til nye barn og til dei som har vore med oss på SFO ei stund.

Vennskap, tryggleik, anerkjenning og trivsel mellom barna og mellom barn og vaksne er tema som SFO arbeidar med kontinuerlig for å trygge alle og for å skapa eit godt miljø på SFO, mellom barna og for barn og vaksne.

SFO tilrettelegg kvardagen for barna med høve for meningsfull fritid og leik. Me vil leggje til rette for både sjølvvalde og organiserte aktivitetar, samt gje barna rom for rekreasjon og kvile. SFO skal bidra som ein arena for barna si meistring og oppleving av eigenverd.

Det å bli kjende med kvarandre på tvers av klassetrinna gjer barna trygge. Noko både SFO og skulen gler seg over. Ein kjenner fleire og barna får større handlingsrom i det å få fleire venner. SFO si målsetjing er at barna skal etablera og halda på vennskap. Vennskap som oppstår mellom barna og mellom barna og vaksne er fint og sjå og godt å vera ein del av.

Aktivitetar i SFO

SFO har ein Rammeplan som skal legge til rette for vennskap, leik og læring gjennom fysiske aktivitetar, kulturaktivitetar og måltid. Aktivitetene kan vera både sjølvbestemte og organiserte av å tilsette.



Fysiske aktivitetar.

Fysisk aktivitet er ei kjelde til trivsel og helse, og er nødvendig for normal vekst og utvikling. SFO skal leggje til rette for at barna kan utfalde seg i den frie, sjølvbestemte leiken og i organiserte aktivitetar leia av vaksne. SFO skal vera ute kvar dag i SFO-tida, og har eit stort uteområde som barna bruka til å springa, klatra, spela ballspel og leika. Skogsområde til leik i ulendt terreng. SFO har tilgang til gymsal. Barna får tilbod om å bada i bassenget på Tysse om torsdagane. Barna blir delt i mindre grupper og de heime skal få beskjed når ditt barn skal få bada.

Kulturaktivitetar.

Kulturaktivitetane på SFO er forming/kreativ verkstad og formingsprosjekter kor barna kan uttrykke seg gjennom for eksempel teikning, maling, prosjekt med perler, aktivitetar med bruk av garn og andre oppgåver med bruk av ulikt materiale. I tillegg er dans med «Just dance» på smartboard ein populær aktivitet på SFO. Me har og tilgang til skulebiblioteket vårt. I tillegg låne me bøker frå Høgspanten på Bjørkheim. På skulefrie dagar besøkjer me Høgspanten eller andre kulturelle tilbud som er tilgjengelige for SFO i kommunen.



Måltid

Måltidet er eit viktig element i SFO-kvardagen, og handler om meir enn det å bli mett. Måltidet har ein pedagogisk funksjon på fleire måtar. Måltidet er ein arena for sosial samhandling og kommunikasjon, der det blir etablert fellesskap mellom barna og mellom barn og vaksne. Barna som er på SFO har med eiga niste. Likevel kan me på SFO ha ei enkel servering i samband med ei markering eller ein fest. Maten me då lagar, saman med barna, er t.d. muffins, varm saft, kakao, nissegraut, frukt etc.



Lesing.

SFO vil dette skuleåret ha fokus på å skapa leseglede. Me har eit flott bibliotek som me vil nytta ofte til både høgtlesing, lesa stille for seg sjølv, lytta til lydbøker og finna bøker som inspirerer til lek, teikning eller maling.



Leik.

Leik er hovedaktiviteten i SFO. Det har vore forska mykje på leik, og ein veit i dag at leik stimulerer alle sider av barna si utvikling. Dette gjelde både språkleg, sosial, emosjonell, kognitiv, moralsk og motorisk utvikling. Leik er og med på å utvikla kreativitet og evna til å løysa problem, og barnet lære noko om korleis verden fungerer både sosialt og fysisk. SFO

legg difor til rette for den gode frie leiken mellom barna, ved siden av at me har ulike leikeaktivitetar leia av dei vaksne.

På SFO, som er barna si fritid, møter barna utenfor skulen si meir organiserte ramme. SFO gir difor andre høver for leik og samspel mellom barn, og er eit godt utgangspunkt for å utvikla gode relasjonar og vennskap. I SFO skal det skapast ein kultur for eit inkluderande leike- og læringsmiljø der alle får vera med. SFO skal vera ein arena kor leik, aktivitetar og opplevingar saman med andre barn kan være vegen inn i nye vennskap. I SFO skal dei vaksne hjelpe barna med å byggje gode relasjonar til kvarandre, og legge til rette for at barn knyter vennsksbands.

I leik har SFO fokus på.

- ✓ Skapa gode leikemiljø.
- ✓ Den frie og sjølvbestemte leiken står i fokus.
- ✓ Alltid ein leik for alle.
- ✓ Alltid ein aktivitet som vaksne er deltakande på.
- ✓ Hjelpa barna å utvida leiken ved behov.



Aktivitetar/leik kan vere:

SFO-base: Me leikar med lego, klossar, bilar, dokker, perlar, spelar brettspel/ kort, bibliotekstund, just dance, fotballspel, airhocky og flipperspel.

Utegruppe: Ballbinge, disser, klatrestativ, utesjakk, sandkasse med leikar og anna frileik og organisertleik (t.d. spark på boks, 1-2-3-raut lys).

Forming: Aktivitetane kan vera maling, teikning, klipping, forming o.l. i forskjellige materialer. Leire, vev, og bruk av enkle formingsmaterialer.

Sløyd: Aktivitetar der ein brukar t.d. sag, spikar, maling og enkle trematerialer/formingsmaterial.

Bibliotek: Bruka biblioteket til å få gode leseopplevingar og utforske nye og kjende bøker som kan stimulera til leselyst.

Gymsal: Har organiserte leikar i lag med barna og frileik. Me har både kjende aktivitetar og me vil lære nye aktivitetar.

Basseng: Basseng/ vatn tilvenning og leik.

Onsdag er SFO sin dag.



Turdag og markeringar/festar.

Turdag blir onsdagar dette skuleåret. **Det blir tur uansett vér.** Kle barna godt etter veret og ha byte kle tilgjengelig på SFO/skule. SFO gleder seg til å få turdag der me får utforska naturen og vera ute i dei ulike årstidene. Me vil og nytta uteområdet som skulen disponerer oppe ved idrettsanlegget.

Markeringar/festar.

SFO brukar og onsdag ettermiddagen til ulike tema markeringar/festar som SFO har i løpet av året, knytt til ulike årstider. Eksemplar kan vera vennskapsfest, nissefest og vinterfest.

SFO har kjernetid, kl 13:30 – 15:00.

Kjernetid betyr at me ynskje at barna er på SFO i ei bestemte tid; 13:30 – 15:00. Me ynskje å få til turar, festar eller liknande i denne tida. Henting av barn i denne tida bør ein difor unngå. Må barn likevel bli henta i kjernetida pga. lege, tannlege o.l., gje SFO beskjed i god tid.

Me kan nytta heile skulen i SFO tida, men trekkjer fram desse romma som me brukar mest: SFO-basen, klasserom, gymsal, kunst og handverksrom, musikkrom og sløydsalen. Me kjem dette året til å dela SFO gruppa opp i mindre grupper og bruka dei ulike romma etter behov og aktivitet. Dei kreative aktivitetane varierar etter årstid.



Torsdag er bassengdag.

Torsdag er bassengdag, på Tysse. Målet vårt er trygge barn i vatn, med fokus på lek og moro. Me har erfart at nokon allereide er trygge og gode symjarar, andre er der kanskje for første gong utan føresette. Me som vaksne på SFO storkosar oss med barna i bassenget. Det går ofte ikkje så lang tid for mange er» midt fjords i bassenget» og plasskar rundt. Elevane har vist stor glede og samhald i basseng øktene og dei lærer mykje av kvarandre. Alle blir respektert for den dei er i bassenget, med og utan erfaring frå bassengaktivitetar.



SFO hausten 2025.

August – september.

Vennskap og trivsel.

Me startar året med å bli kjende med kvarandre, nokon barn og vaksne kjenner kvarandre frå tidligare og andre møter me for fyrste gong. Me gler oss til kjekke morgonar og ettermiddagar ilag. Dei første vekene i august/september handlar om å bli kjende med kvarandre og skule/SFO området ute og inne samt felles reglar og rutinar. SFO har aktivitetar som er med på å forsterke vennskap og det å bli kjend. Me vil denne hausten leika mange leikar, ofte regelleikar. Dei vaksne på SFO vil lære barna fleire leikar som dei skal kunna. Dette er også ein fin måte å bli kjend med barn frå andre klassar om ein ikkje kjenner nokon i frå før. Føresette kan også ha eit behov for å møtast. I den anledning arrangerar SFO «bli kjend prat» ein onsdag ettermiddag. Invitasjon vil bli sendt heim.

Oktober – desember.

Respekt, toleranse og omtanke.

Barn og vaksne er begynt å bli kjend og trygge på kvarandre og skule/SFO sitt ute og inne område. SFO startar med kreative aktivitetar som eks. sløyd, forming, just dance og badegrupper. Badeturane begynner når påmeldingane er kome inn og ein har fordelt barna i grupper. SFO markerer vennskap, tryggleik, anerkjenning og trivsel med vennefest i oktober. Me vil og markera og snakka om vennskap på tvers av landegrenser og ha fokus på barn i andre land. Me planlegg ein SPA dag i november. Desember lagar me til litt nissegøy, med nissefest og pynting av SFO.

Markeringar/festar SFO, Haust:

August: Oppstart av SFO-året.

September: Foreldrekaffi. (bli kjend prat)

Oktober: Vennefest.

November: SPA-dag.

Desember: Nissefest.



SFO våren 2026.

Er det snø, er me ute og leikar i den. Me håpar på snørike dagar dei 2 -3 første månadane av året. Me akar med SFO/skulen sine rompebrett og har andre snø aktivitetar.

Barna kan og ha med ski og bruke skia som ein aktivitet i SFO tida. **Ha med egne ski (langrennsski) eller lån av Frivilligsentralen, om onsdagar, om ein ynskjer det.**

Er det surt og kald og alt er vått er barna og dei vaksne inne på SFO basen/klasseom/bibliotek/gymsal eller formingsrom.

Me har inne-leikar der barna får velge mellom ulike aktivitetar som lego, klossar, bilar, dokker, perle, teiknar/malar, spelar brettspel/ kort og enkle kreative aktivitetar, (t.d. klipp og lim, vev, finger-hekling/strikking, kitt).

SFO brukar gymsalen og har organiserte leikar i lag med barna og frileik. Me har kjende aktivitetar og lære nye aktivitetar. Barna kjem med ynskje og forslag. Alle blir høyrd, men ikkje alle forslaga kan bli gjennomført på same dag.

Januar.

Samarbeid.

Det kan vera ein litt mørk og vér utsatt månad. SFO brukar tid på biblioteket der ein kan lesa i bøker, høgtlesing av vaksne eller barn til barn og vaksne eller stillelesing. SFO lagar litt glede og gøy i januar med pysjamas fest inne. SFO har brettspel, kort, puslespel og bøker som tema og kosar oss i «slaraffen» fart.

Februar.

Det er litt lysare dagar og forhåpentligvis sol og snø. SFO har aktivitetsdag ute i snøen med rompebrett, ski og andre uteaktivitetar i snø. Tenner bålpanne.



Mars - mai, vår.

Kommunikasjon.

Våren er på veg og SFO er ute og leikar og har andre uteaktivitetar. Vær er ingen hindring. Kle barna etter været og årstid. Ballbinge, disser, klatrestativ, slakkline, utesjakk, sandkasse med leikar og anna frileik og organisert leik (t.d. spark på boks, 1-2-3-raut lys). Vinter og snø, aking, (brukar berre SFO/skulen sine rompebrett) snømann og ski. SFO ynskjer våren velkomen og takkar vinteren for besøket. Markerer det med vårfest og Pinata i mars.

April har me fokus på det å ta vare på kvarandre og vise vennskap, anerkjenning, trivsel og tryggleik. Førebur oss på sommar og har ein SPA dag med velvære, gode lukter og nærleik.

Mai er ein månad med mange inneklemta dagar. SFO pyntar til 17-mai, går turar og oppdagar alt som gror, lyttar til fuglar. Me leikar ute, spring i skogen og legg opp til dagar med ulike aktivitetar.

Juni - sommar.

SFO/skuleåret nærmar seg slutten. SFO markerar med sommarfest og foreldrecaffi.

Dei som er påmeld sommar SFO har nokon kjekke dagar i vente etter skuleslutt.

Markeringar/festar SFO, vår og sommar 2024.

Januar: Slomredag.

Februar: Aktivitetsdag

Mars: Vårfest

April: SPA dag

Mai: Pyntar til 17- mai

Juni: Sommarfest med blomsterkrans og foreldrecaffi



Morgon SFO kl. 07:00 – 08:30.

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
0700-0830	SFO base	SFO base	SFO base	SFO base	SFO base
	0730-0800 gymsal				
	Frukost 0800-0820				
	Ute Kl. 0820-0845				

FFFF = full fart før frukost.

FFFA = full fart for alle.

Ein vaksen går ut kl 08:15. Alle barn og vaksne er ute frå SFO frå 08:20 til skulestart kl 08:45. Dei vaksne har tilsyn med barna.

Ettermiddag SFO kl. 1400 – 1630 onsdag kl 1230- 1630.

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag Kl. 1230-1630	Torsdag	Fredag
1400-1630	Rom:1.2. trinn og SFO-base	Rom: 1.2. trinn og SFO-base	Kjernetid SFO Kl 1230- 1500.	Rom 1.2. trinn og SFO-base	Rom 1.2. trinn og SFO-base
	Mat 1400 - 1420		Tur/arrangement SFO	Mat 1400 - 1420	
1420-1630	Deler inn i mindre grupper med kulturaktivitetar, lek, gymsal, inne og ute aktivitetar.		Mat ca kl 1400-1420	Deler inn i mindre grupper med kulturaktivitetar, lek, gymsal, basseng (torsdag), inne og ute aktivitetar.	
			Kl 1500- 1630 Deler inn i mindre grupper med kulturaktivitetar, lek, gymsal, inne og ute aktivitetar		

Ved sol eller opphaldsvêr kan alle barna og dei vaksne vera ute ilag. Då går anna aktivitet ut.

Husk: Uteklede som passar til været og aktivitetar. **Byteklede.**

Praktisk info.



Tilsette SFO skuleåret 2025-2026:

Henny S. Nordvik, **SFO-leiar**

Almira Omerkadic - Debrom Teklom - Elisabeth N. Steinsland - Jane H. Næss –
Kjersti N. Skjoldal - Kjersti Solemdal - Maryna Svrydovska.

Det ordinære SFO-tilbudet følgjer skuleruta (190 dagar).

Prisar utanom fast månadsbetaling:

Ekstra morgon kr 144.- ekstra ettermiddag/dag kr 320.-

Ved for sein henting etter kl 16: 30 vert det pålagt gebyr på kr 623,- pr. gong.

12 timar pr. veke gratis kjernetid SFO for 1. - 3. trinn frå august 2024.

Gratis SFO for elevar med særskilde behov 5. -7. trinn.

Dette gjelder budsjettår 2025.



SFO tilbyr også ope for påmelde barn i feriar, frå kl 0700 -1630. SFO har ope haustferie, vinterferie og sommarferie, totalt 30 dagar for skuleåret 2025/26. Sjå Samnanger kommune, skuleruta 2025-2026. Feriedag kostar kr 320 pr. dag, budsjettår 2025. 12 timar pr. veke gratiskjernetid, SFO feriar for 1-3. trinn.



Opningstider:

Måndag–fredag morgon kl. 0700-0830. Ettermiddag Kl. 1400 - 1630.

Onsdag ettermiddag Kl. 12.30-16.30



Rutiner ved henting av barn SFO.

Føresette som hentar barn på SFO har ansvar for å sjekke ut barna i Visma Flyt Skole (VSF) hjå den vaksne som er kvitvert (har kvit vest på). Om andre enn føresette hentar barn på SFO. Skal SFO ha beskjed om kven som hentar. Dette er HMT tiltak for å trygge vaksne og barn i ein travel kvardag.

Om det er ettermiddagar der barn er påmeld SFO, som dei av ulike årsakar ikkje skal nytta, gje beskjed (melding) til SFO-leiar og kontaktlærer i VFS- appen innan kl. 12:00 den dagen det gjeld.

Husk: Uteklede som passar til været og aktivitetar. **Byteklede.**



Ta kontakt om det er noko som er uklårt.

SFO mobil: 48 89 95 49

Kontor: 56 58 99 80

SFO –leia, privat: 99 12 72 27

E-post: henny.storlid.nordvik@samnanger.kommune.no



Med vennleg helsing
dei vaksne på SFO
Henny Storlid Nordvik
SFO-leiar